
Kommentar til høyringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Vi viser til e-post frå NVE med vedlagte høyringsuttalelsar til søknad om bygging av ovannemnde småkraftverk i Modalen.

Generelt:

Uttale frå høyringspartane er kommentert så langt vi har tilleggsinformasjon eller avklaringar til dei ulike punkta. Uttalar eller påstandar som er framsette utan grunngjeving, eller av generell karakter, er ikkje kommenterte.

Nedbør felta i Hellandsdalen:

I samband med utarbeiding av søkandane for Bleidalselva og Budal II vart tidlegare reguleringar og overføringar frå nedbør felta undersøkte. Vi fekk då informasjon om at nedbør feltet rundt Skjerjavatnet drenerte mot Bleidalselva (og vidare mot Budalselva). Vi har fått innspel frå ein av grunneigarane om at det som er oppgitt som tidlegare fråført vatn ikkje stemmer for desse to elvane. Dam ved Skjerjavatnet er ikkje oppdemming av eit tidlegare overløp/vassdrag, men kun ein sperredam for nyt reguléringsnivå og flaumvasstand i Skjerjavatnet. Skjerjavatnet har, også før tidlegare utbygging i området, vore drenert mot Svartavatnet. For både Bleidalselva og Budal II er difor nedbør felta uregulerte.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Oversikt høringspartar:

Nr.	Uttale frå	Til kva prosjekt.
1	Hordaland Fylkeskommune	Alle
2	Fylkesmannen i Hordaland	Alle
3	Modalen kommune	Alle
4	BKK Nett AS	Alle
5	BKK Produksjon AS	Alle
6	Direktoratet for mineralforvaltning	Alle
7	Naturvernforbundet Hordaland	Alle
8	Bergen og Hordaland Turlag	Alle
9	Statens Vegvesen	Alle
10	Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)	Alle
11	Modalen Idrettslag	Alle
12	Bjarnhild Nåmdal	Nåmdalselva kraftverk
13	Jan Kåre Bergo	Nåmdalselva kraftverk
14	Reidar Nåmdal	Nåmdalselva kraftverk
15	Øvre Helland Vellag	Nåmdalselva kraftverk

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Hovudmoment frå høringsuttalelsane og sokjar sine kommentarar:

Nr	Høringspart	Hovudmoment frå uttale	Sokjar sin kommentar
1	Hordaland Fylkeskommune	<p>Felles:</p> <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Almelidelva kraftverk. - Av omsyn til landskap, kulturminne og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune til alternativ veglaus utbygging slik det er presentert av tiltakshavar i søknaden og høgare minstevassføring i Almelidelva og fossen i tiltaket. - Av omsyn til hekkande fossekall og eter i influensområdet må NVE stilla krav om naudsynt minstevassføring og oppsetting av reirkasser for fossekall der potensielt trygge reirplassar forsvinn. - Av omsyn til kollisjonsrisiko for fugl rår Hordaland fylkeskommune til kabling av heile eller delar av 600 m lang hengekabel frå kraftstasjon over Moelva til tilknytingspunktet. - Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. 	<ul style="list-style-type: none"> - Veglaus utbygging er vurdert i søknaden som alternativ og kan realiserast (bruk av taubane). Veg til Almelidstølen er eit ynskje frå grunneigarane. Det er også vurdert eit alternativ med borhol. På grunn av tilleggskostnader vil dette medføre at prosjektet har mindre mulighet for å bli realisert. - Mvf. er foreslått sett til 5-persentil. Auka mvf til 2 x 5-persentil er omtalt i søknaden. Reduksjon 0,6 GWh/år og auka utbyggingskostnad til 5,5 kr/kWh (opp 0,72 kr/kWh)

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>Bleidalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Bleidalselva kraftverk. - Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring og minimale fysiske inngrep som tek omsyn til raudlistearten barlind og utvald naturtype hole eiker i influensområdet til tiltaket. - Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen og brunaure og fossekall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Bleidalselva og Bleidalsfossen. - Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast. - Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk. - Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert. <p>Budal II:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Budal II kraftverk. - Av omsyn til eter, brunaure og fossekall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. - Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast. - Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i 	

Modalen Kraftlag.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>kulturminnelova.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert. <p>Kvernhusfossen:</p> <p>-Av omsyn til sårbart fjordlandskap av stor verdi, friluftsliv av stor verdi, reiseliv av stor verdi og samla belastning for landskap og friluftsliv i Modalen rår Hordaland frå utbygging av Kvernhusfossen kraftverk.</p> <p>Nåmdalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nåmdalselva kraftverk. - Av omsyn til sjøaure og laks, biologisk mangfold, landskap og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune til alt. C for kraftstasjon. - Av omsyn til fossekall, vintererle og brunaure må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle må skogen langs elva haldast intakt. For fossekall må oppsetting av eigne reirkassar vurderast der trygge reirplassar forsvinn. - Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka 	<ul style="list-style-type: none"> - I søknaden for Kvernhusfossen er det så langt som råd teke omsyn til landskapsverdiar ved høg minstevassføring (2 x 5-persentil) og moderat slukeevne (150% av middelvassføring). Både i lavvannsperiodar og ved mindre flaumar vil fossen framstå som før utbygging. - Vassdraget har vore utbygd tidlegare med kraftstasjon og røyrgate. Omsøkt alternativ er med borhol og tunnel. <p>- Modalen Kraftlag vil snarast ta initiativ til å få utført ei undersøking frå Rådgivande Biologer eller tilsvarande som har god kompetanse på gyteplasser for anadrome fiskearter i nedre del av Nåmdalselva. Endeleg stasjonsplassering bør takast stilling til etter at rapport føreligg.</p> <p>-OK.</p>

Modalen Kraftlag.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>vert sett i verk.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert. <p>Seljedalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Seljedalselva kraftverk. -Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring i Trollegilsbekken som tek omsyn til sårbare artar og viktige naturtypar i influensområdet til tiltaket. -Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen rår Hordaland fylkeskommune til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til inntaket. <p>- Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i</p>	<ul style="list-style-type: none"> - OK. - Grunneigarane har i prosessen uttrykt ønske om veg for tilgang til området. Modalen Kraftlag er klar over de utfordringar veg kan medføra i utbygging og driftsfasen, og vil utforme vegane slik at de kan gro igjen over en periode på 4-6 år. Veglaus utbygging kan realiseraast, men vil gi ein liten kostnadsauke. Modalen Kraftlag vil også sjekke mulighet for borehol som alternative til rørgate for å unngå grøft. Kostnadene ved borehol i staden for rør vil omrent doble kostnaden for denne delen av prosjektet og vil medføre at prosjektet får lågare mulighet til å verta realisert. - Mvf. er foreslått sett til 5-persentil. Auka mvf

Modalen Kraftlag.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjær sin kommentar
		<p>Hellandsdalen og brunaure og fossekall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Seljedalselva og Seljedalsfossen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast. - Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. - Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert. <p>Tverråna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Tverråna kraftverk. - Av omsyn til landskap, kulturminne, friluftsliv og samla belastning for Hellandsdalen vil Hordaland fylkeskommune rá til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til øvre del av trykkrøyret og boring heilt opp til inntaket. Av same omsyn og omsyn til brunaure rår Hordaland fylkeskommune også til auka minstevassføring i Tverråna og Tveradalsfossen. <p>- Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka</p>	<p>til 2 x 5-persentil er omtalt i søknaden. Reduksjon 0,5 GWh/år og auka utbyggingskostnad til 4,48 kr/kWh (opp 0,38 kr/kWh)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ok. <p>- Grunneigarane har i prosessen uttrykt ønske om veg for tilgang til området. MK vil sjekke mulighet for borehol heilt opp til inntaket som alternative for å unngå vegbygging.</p> <p>- Mvf. er foreslått sett til 5-persentil. Auka mvf til 2 x 5-persentil er omtalt i søknaden. Reduksjon 0,5 GWh/år og auka utbyggingskostnad til 4,41 kr/kWh (opp 0,34 kr/kWh)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ok.

Modalen Kraftlag.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>vert sett i verk.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert. 	
2	Fylkesmannen i Hordaland	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen legg til grunn at det ikkje skal opnast for nye utbyggingsprosjekt som undergrev statleg innsats for å sikre anadrom fisk i Modalselva. Sidevassdraga er viktige, særskilt for sjøaure. - Søknadane gir ikkje utfyllande bilde av verdien av Hellands-dalen i samband med friluftsliv. Hellandsdalen vert brukt som rekreasjons- og turområde for ulike befolkningsgrupper gjennom heile året. <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Fylkesmannen rår i frå utbygging av Almelidelva.</i> - <i>Dersom det likevel vert opna for utbygging må dette skje på ein måte som tek omsyn til landskapet gjennom vilkår om minstevassføring og</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Modalen Kraftlag har ved de omsøkte anlegg i Hellandsdalen forsøkt å ta hensyn til de naturmessige forhold og avbøtande tiltak. Det framgår frå høringsuttalelser at det settes fokus på samla belastning i Hellandsdalen og at området vert mykje brukt til turbruk. Grunneigarane, som eig vegen i Hellandsdalen, sette i 2011 opp bom for vegen på grunn av vedlikehald og rasfare. Ifølge grunneigarane og beitelandet var vegen brukt mykje meir tidlegare når bommen var borte. Turlaga er dei som lårer nøkkelen til bommen mest for å kome fram med bil. - Vegbygging: Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) over.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjær sin kommentar
		<p><i>utbygginga utan ny veg opp lia.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Anlegget utan veg vil gi mindre landskapsinngrep, og vil bli mindre øydeleggjande for turstien. Slik vi forstår søknaden blir dette eit mindre kostbart alternativ.</i> <p>Bleidalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen spesielle merknader anna enn det som er oppgitt i søknad. - Konfliktnivå i høve til landskapet i Hellandsdalen. <p>Budal II:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Eventuelle vilkår knytt til bygging av Budal II bør knytast til drift av Budal I, slik at ein kan ta mest mogleg omsyn til anadrom fisk.</i> <p>Kvernhusfossen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Kvernhuselva kraftverk. - Inste del av Mofjorden er mellom dei mest verdifulle landskapsrom i Hordaland, der det storskala fjordlandskapet med sine urørte fossefall utgjer dei viktigaste elementa i landskapet. - I arealdelen til kommuneplanen ligg vassdraget innafor omsynssone for bevaring mot kraftutbygging. Utbygginga er soleis også i strid med kommuneplanen. 	<ul style="list-style-type: none"> - Minstevassf.: Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) over. - Kalkulert utbyggingskostnad redusert frå 4,78 til 4,71 kr/kWh. <ul style="list-style-type: none"> - MK vil snarast ta initiativ til å få utført ei undersøking frå Rådgivande Biologer eller tilsvarande som har god kompetanse på gyteplasser for anadrome fiskearter i nedre del av Budalselva. Endeleg avklaring i høve til drift av Budal I bør takast stilling til etter at rapport føreligg. <ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) om vassføring i fossen over.

Modalen Kraftlag.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjær sin kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> - Søkjær si vurdering av konsekvensar, både for landskap, friluftsliv og opplevingsverdi er etter vår oppfatning ufullstendig og lite dekkjande. - Utbygging av Kvernhuselva i strid med både kommuneplan og fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. <p>Nåmdalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Søknaden er ufullstendig når det gjeld omtale av anadrom strekning i Nåmdalselva. - Av omsyn til anadrom fisk bør kraftstasjonen plasserast over anadrom strekkje, dvs. alternativ B eller C. - Stasjonen må ha omløpsventil med tilstrekkeleg kapasitet for å hindre stranding av fisk. - Inntaket må utformast slik at gassovermetning ikkje førekjem. <p>Seljedalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen rår i frå utbygging av Seljedalselva. - Veg til kraftstasjonen vil krysse Seljedalselva 3 stader. <ul style="list-style-type: none"> - Dersom det vert opna for kraftutbygging må Seljedalselva byggjast utan veg fram til inntaket. <p>Tverråna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen rår i frå utbygging av Tverråna. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) om fiskeundersøking over. - Ja – avklaring av anadrom stekkje, ref. over. <ul style="list-style-type: none"> - Ja – dersom fiskundersøkinga viser dette. - Ok. Vert utforma med godt neddykka inntak. <ul style="list-style-type: none"> - Vegen kryssar nedre del av Seljedalselva der elva har delt seg i 3 greiner (går fram av kart). Det er varierande vassføring i desse greinene – ved lågvassføring er 2 av dei tørrlagt. - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) om vegbygging over. <ul style="list-style-type: none"> - Inntak på kote 393,5 (skrivefeil!)

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> - Inntaket i denne sideelva til Hellandsdalen ligg på kote 39,5. - Landskapsinngrepa ved fråført vassføring og ny veg blir svær synlege. - Dersom det vert opna for kraftutbygging må Tverråna byggjast utan veg fram til inntaket. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ny veg vert først og fremst synleg i anleggsfase og tidleg driftsfase.
3	Modalen kommune	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - På generelt grunnlag er Modalen kommune positiv til at småkraftverk kan byggjast for å gje tilleggsnæring/inntekter og vere med på å styrke busetnaden i kommunen. - Modalen kommune føreset at NVE fastset restriktive konsesjonsvilkår til gjennomføring av disse prosjekt for å minimalisera dei miljømessige ulempene som tiltaka medfører. - Det må takast omsyn til turstiar, ferdaveger, sætersti og liknande ved utbygging slik at allmenn ferdsel og friluftsliv ikkje vert hindra. - Kommunen ynskjer at det skal stillast krav til vegar som vert nytta til kraftutbyggingsprosjekta, skal vera utan bom og tilgjengeleg for allmenn ferdsel. <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden slik anlegget er planlagt og med dei avbøtande tiltaka som er tilrådd. <p>Bleidalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden slik anlegget er planlagt og med dei avbøtande tiltaka som er tilrådd. 	<ul style="list-style-type: none"> - Litt lite spesifikt. Sjå kommentarar om vegbygging over. - Ok.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>Budal II:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden slik anlegget er planlagt og med dei avbøtande tiltaka som er tilrådd. <p>Kvernhusfossen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Modalen kommune gjev motsegn mot konsesjonssøknaden for Kvernhusfossen kraftverk. Tiltaket strir mot kommuneplanens arealdel, då arealet har omsynssone mot utbygging av vasskraft.</i> <p>Nåmdalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Modalen kommune meiner at ved godkjenning av konsesjonssøknaden til Nåmdalselva kraftverk bør alternativ C velgast for å redusera miljøpåverknad som beskreve for alternativet.</i> - <i>Det bør takast omsyn til badeplassen ved Nåmdalsbrua, ved val av dei omsøkte alternativa.</i> <p>Seljedalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden slik anlegget er planlagt og med dei avbøtande tiltaka som er tilrådd. <p>Tverråna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden slik anlegget er planlagt og med dei avbøtande tiltaka som er tilrådd. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) om vassføring i fossen over. <ul style="list-style-type: none"> - Vert vurdert etter at resultat frå fiskeundersøkinga føreligg. - Ref. kommentar under pkt. 15 (Øvre Helland Vellag) om badeplass.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
4	BKK Nett AS	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avhengig av mengda ny produksjon som vert realisert i området må det etablerast meir transformatorkapasitet i området. Dersom mengda ny produksjon er stor må det etablerast ny transformator i Hellandsfossen kraftverk (sjå Kraftsyst.utm. 2016 kap 5.2.14). Dersom det er mindre ny produksjon kan det vera aktuelt å oppgradere distribusjonsnettet mellom Modalen og Myster der BKK Nett planlegg ny 132/22 kV stasjon (KSU 2016 kap. 5.2.15). - For realisering av alle prosjekta er det naudsynt å bygge ut nettet. Tiltak i regional- og sentralnett er presentert i KSU (kap. 3.1), www.bkk.no/nettleie/kraftsystem 	Ok. Nettsituasjonen må detaljavklarast etter at konsesjonsspørsmålet er avklart for vassdraga.
5	BKK Produksjon AS	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - BKK Prod. mener det er positivt at det er planer om å utnytte småkraftpotensiale i Modalen kommune. - Bruk av private vegar må avklarast før byggefase, BKK Prod eig nokre av desse. <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - BKK Prod. eig bekkinntaket like nedstraums utløp frå planlagt kraftstasjon. BKK Prod. er positive til bygging av Almelidelva kraftverk, men forutset at bygging og drift av kraftverket ikkje vil påverke Hellandsfoss krv. negativt verken miljø- eller driftsmessig <p>Nåmdalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - BKK Prod. er eigar av gnr. 82, bnr. 4 og har rettar knytt til vatn og elvar i 	- Modalen Kraftlag har hatt kommunikasjon med

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>Kvitevassdalen, herunder Kvitevatnet, Svartevatnet og Steinevatnet. Området er ein del av nedbørfeltet til Nåmdalselva kr.v. Eigedomsforholda her må avklarast nærmare.</p>	BKK Produksjon vedrørande eigar- og avtalemessige forhold til vassrettene for Gnr. 82 Bnr. 4.
6	Direktoratet for mineralforvalting	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - DMF kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar av konsekvensar for mineralførekomstar tidlegare i denne saka. - DMF kan ikkje sjå at nokon av tiltaka kjem i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi. <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen konflikt med kartfesta ressursar i NGU databasar. <p>Bleidalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen konflikt med kartfesta ressursar i NGU databasar. <p>Budal II:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassvegen blir lagt over ein sand- og grusførekomst som i NGU si grusdatabase er definert som lite viktig. Veldig grovkorna og hardpakka massar tilseier at vidare drift er lite aktuelt. <p>Kvernhusfossen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det synast som om kraftstasjonen/enden på rørgata kjem i kontakt med ein sand- og grusførekomst som er definert som ein lite viktig byggjeråstoffressurs. Forekomsten er så godt som utdrive. 	<ul style="list-style-type: none"> - Det stemmer – konsekvensar for mineralførekomstar er ikkje vurdert. <ul style="list-style-type: none"> - Ok. <ul style="list-style-type: none"> - Ok.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>Nåmdalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 22 kv jordkabel verkar å vere lagt i randsona på ein lokalt viktig grusførekomst som er registrert i Noregs geologiske undersøking si grusdatabase. - Grusførekomsten må vurderast av lokal myndigh. (Modalen k.). Delen av førekomsten som kjem i berøring med jordkabelen er sannsynlegvis ikkje aktuell for uttak sidan kabelen ligg langs fylkesvegen og bustadhús. <p>Seljedalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen konflikt med kartfesta ressursar i NGU databasar. <p>Tverråna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen konflikt med kartfesta ressursar i NGU databasar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Det stemmer. Jordkabelen vert så langt som råd lagt langs fylkesvegen.
7	Naturvernforbundet Hordaland	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>I tråd med Modalen kommune sitt synspunkt meiner Naturvernforbndet Hordaland at konsevensutgreiingane for dei fire kraftverka i Hellandsdalen undervurderer verknadene for landskap og friluftsliv.</i> <p>Budal II:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassdraget har så stor eigenverdi at det er grunn til å avslå søknad om konsesjon. <p>Kvernhusfossen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassdraget har så stor eigenverdi at det er grunn til å avslå søknad 	-

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjær sin kommentar
		om konsesjon.	
8	Bergen og Hordaland Turlag	Felles: <ul style="list-style-type: none"> - <i>Vi meiner at omfang og konsekvens i konsekvensutgreiingane i samband med dei fire omsøkte prosjekta (i Hellandsdalen) undervurderer verknaden for landskap og friluftsliv.</i> - <i>Vi ber også NVE vurdere veglause utbyggingar og auka minstevassføring, dersom det vert gjeve løyve til prosjekt.</i> - <i>Vi kan diverre ikkje tilrå den samla lasten av utbyggingar i Hellandsdalen slik den no føreligg.</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - - Ref. kommentar over for Seljedalselva, Tverråna og Almelidelva. -
9	Statens Vegvesen	Felles: <ul style="list-style-type: none"> - <i>Der tiltaka skal ha tilkomst /avkørsler frå fylkesveg, må det søkjast om avkørsleløyve. Dette gjeld om det er permanente eller mellombelse avkørsler til inntak, kraftstasjonar, massetak og deponi.</i> - <i>Der tiltak vil liggja nærrare fylkesveg 346 (fv, 346) enn 30 meter, må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa etter veglova.</i> - <i>Der tiltak vil liggja nærrare fylkesveg 345 (fv, 345) enn 15 meter, må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa etter veglova.</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Ok. - Ok.
10	Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)	Felles: <ul style="list-style-type: none"> - <i>Foreslårte utbygginger i Budal II, Todeiselva og Nåmdalselva vil innvirke på sideelver til Modalselven med verdi for anadrom fisk. Dette er spesielt viktig med tanke på det omfattende, pågående arbeidet for å reetablere</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Ja, ref. punktet over om tillegsutgreiing på fiskeoppgang i Nåmdalelva og Budalselv.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p><i>laksestammen i Modalselva.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Verdien av friluftsliv blir ikke ivaretatt i tilstrekkelig grad i noen av søknadene. Dette er spesielt fremtredende for søknadene i Hellandsdalen som er en viktig inngang til Stølsheimen - FNF fraråder utbygging av modalspakken basert på samlet belastning på natur-, landskap og friluftslivverdier samt mulig konflikt med nylig vedtatte miljømål for Modalselva <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - FNF påpeker de store effektene en eventuell utbygging vil få på vannføringen i elven og følgende dette får for områdets verdi for friluftsliv. Samlet påvirkning av landskapsbilde i Modalen som allerede er preget av tidligere utbygninger må også vektlegges. <p>Bleidalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Ang. lokalitet F02, fattig edelløvskog: Utstrekningen av lokaliteten er uavklart og i konsulentrapporten for Bleidalselva kan vi lese at området overfor veien ikke har vært undersøkt: «Siden vi ikke har sett på området på oversida av vegen, så kan det tenkjas at det også finst eik og barlind her». <p>Budal II:</p> <p>Kvernhusfossen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - FNF Hordaland anmoder NVE om ikke å innstille Kvernhusfossen til konsesjon grunnet påvirkning og degradering av særskilt viktige og anerkjente landskapskvaliteter. <p>Nåmdalselva:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar over om utbygging utan veg til inntak og konsekvensar av auke minstevassføring. - Heile tiltaksområdet er undersøkt. - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) om vassføring i fossen over.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjær sin kommentar
		<p>- FNF tilråder at Nåmdalselva ikke gis konsesjon grunnet påvirkning på anadrom strekning og samlet belastning i område. Skulle man likevel gi konsesjon er det viktig at man ivaretar anadrom strekning med tiltak som er nevnt tidligere. I korte trekk omløpsventil, måling av gassovermetning og lokasjon av kraftstasjon overfor anadrom strekning. I kommunens vedtak blir også ivaretakelse av lokal badeplass i Nåmdalselva vektlagt.</p> <p>Seljedalselva:</p> <p>Tverråna:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentarar over om tilleggsundersøking av fiskeoppang, omløpsventil og gassovermetning. For tilhøvet til badeplassen vert det vist til pkt. 15 (Øvre Helland Vellag).
11	Modalen Idrettslag	<p>Felles:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prosjekta ligg alle i område som innbyggjarane i større eller mindre grad bruker som turmål. - Fleire stader vil planlagt anleggsveg komme i konflikt med stølsvegar og andre kulturminne i terrenget. - I søknadene for desse prosjekta er det skrive at området, dvs. Hellandsdalen generelt, har liten betydning for rekreasjon og friluftsliv. Dette meiner vi ikkje gir eit riktig biletet Hellands-dalen er eit viktig område for utfart heile året for modalingane. <p>Almelidelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bygging av anleggsveg få konsekvensar for stølsvegen til Almelidstølen - understreke at dette er verdfulle turstiar og turområde for innbyggjarane i Modalen, som har både kulturhistorisk og rekreasjonsmessig vekt og som vi ynskjer skal takast vare på for 	<ul style="list-style-type: none"> - Kan ikkje sjå at dette står i søknadane for prosjekta i Hellandsdalen. Men det er oppgitt for eksempel Seljedalen at denne er lite brukt som turmål. - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) over.

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
		<p>framtida.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen Idrettslag ynskjer at anleggsvegen (til inntak) ikkje vert bygd. <p>Seljedalselva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen Idrettslag ynskjer at anleggsvegen (til inntak) ikkje vert bygd. <p>Tverråna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Modalen Idrettslag ynskjer at anleggsvegen (til inntak) ikkje vert bygd. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) over. - Ref. kommentar under pkt 1 (Fylkeskommunen) over.
12	Bjarnhild Nåmdal	<p>Nåmdalelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er i mot utbygging av Nåmdalelva. - Kraftstasjonen er malplassert ved Nåmdal bru. 	
13	Jan Kåre Bergo	<p>Nåmdalelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønsker ikke denne elven utbygd. Den vil kunne ødelegge en av få badeplasser på Øvre Helland, - den vil medføre skjemmende bygg og enda flere kraftledninger i et område som har nok av dette fra før. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ref. kommentar under pkt 15 – Øvre Helland Vellag. - anlegget er omsøkt med jordkabel og med eit bygg som passar inn i omgjevnadane.
14	Reidar Nåmdal	<p>Nåmdalelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje lønsam utbygging. - Utbygginga vil setje varig skade i naturen. - Når vatnet går i røyr vil temperaturen i badehølen verta kaldare. 	<ul style="list-style-type: none"> - Gjeld kun ved stasjonsplassering C. Ved nedre stasjonsplassering, alt A vil

Kommentar til høringsuttalelsar til søknad om bygging av Almelidelva, Bleidalselva, Budal II, Kvernhusfossen, Nåmdalselva, Seljedalselva og Tverråna kraftverk.

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
			temperaturen gå litt opp.
15	Øvre Helland Vellag	<p>Nåmdalelva:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det er viktig for oss at mulighet til bading blir opprettholdt. Vi ønsker at NVE tar hensyn til dette når stasjonsplasseringen vurderes.</i> - <i>Slik vi ser det vil plassering B være midt i badeplassen, og dermed ødelegge bademulighetene på oppsiden av broen.</i> - <i>Hvis stasjonsplassering A blir valgt er det søkt om minstevannsføring. Minstevannsføringen det er søkt om er slik vi ser det stor nok for vårt behov. I tillegg antar vi at vannet vil bli varmere da det bruker lengre tid fra inntaksdammen og ned til selve badeplassen.</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Modalen Kraftlag er einig med Øvre Helland vel at stasjonsplassering Alt. A vil gje dei beste badeforholda i elva då vassføringa blir mindre, vatnet varmare og sikrare badeforhold for barn. - Minstevassføringa er uavhengig av stasjonsplassering.

For Modalen Kraftlag BA

01.09.16
Bystøl AS
Agnar Fosse